



## **REFERAT FRÅ MØTE I SKULEMILJØUTVALET/DRIFTSSTYRET KLEPPE SKULE ONSDAG 20.04.22 KL.18.00 - 20.00**

Stad: Kleppe skule, møterom v/biblioteket

Tilstade: Anne Gunn O Slethei (ped.personal), Ola Sotnak(FAU), Einar

Erga (pol./skuleeigar), Arian Eshagi (Elevrådsrepresentant), Aina Grude (FAU), Elin O Braut (vara for Leif Oscar Reiestad, ped.pers), Mette Erga Brunes (anna pers.), William Karlsen Sande (elevrådsrepresentant) og Sylvia Gjersdal(rektor)

Forfall: John Henrik Utsola (FAU) og ein elevrådsrepresentant

### **SAKLISTE**

#### **Sak 18/21-22 Godkjenning av referatet frå 01.02.22**

Referatet vart godkjent.

#### **Sak 19/21-22 SFO v/SFO-leiar Katrine Jensen**

Informasjon om resultat brukarundersøking 2022 og om ny ordning med gratis SFO-tilbod i kjernetid for 1.trinn, innhald og organisering.

SFO-leiar la fram resultatet frå brukarundersøkinga. Jamnt over gode resultat, ligg på landsgjennomsnittet og litt over snittet i Klepp.

Svarprosenten var ca 44%, dette handlar nok mykje om at påmeldinga til undersøkinga ikkje var digital, passord blei levert ut i papir pga personvern. Vi satsar på at neste undersøking er med full digital løysing. Informasjon om resultatet og kva vi vil betre på og arbeide vidare med ligg på heimesida.

Gratis kjernetid i SFO:

Dette blir organisert slik at 1.trinnselevane kan få gratis SFO 3 ettermiddagar pr veke, det er lik organisering heile kommunen.

Det er informert på foreldremøte for 0.trinn og informasjon på heimesida.

1.trinn blir organisert i eigen avdeling med ulike aktivitetstilbod.

Det er færre elevar enn venta som har meldt seg på, vi reknar med at det kjem fleire påmeldingar etterkvart.

#### **Sak 20/20-22 Saman om eit trygt og godt nærmiljø/ Partnerskap mot mobbing**

Informasjon frå komiteen. Drøfting.

- Partnerskap mot mobbing. Saman om eit trygt og godt nærmiljø. Litt om målet, kva er intensjonen?
- Krinsen Kleppe - planlegging av krinsarbeid
- Kva vil vi? Kva kan vi gjere?
- Fritidsaktivitetar



- Idé: Felles ettermiddag/kveld der alle fritidsaktivitetar viser seg fram. I aula og kantine.
- Avklare kven og kva som kan markedsføre i skuletida (levere ut lappar etc)
- Utvide/utbedre nettsida eller lage papirbrosjyrer?
- Vise fram nettsida i klasserommet. Via elevrådet.
- Skulevegen – kunne vi ha vakter på skulevegen? Foreldre og /eller frivillige.
- Trafikksikkerheit – involvere ungdomsskulen i dette. Utfordringar med elsparkesykler, elsykkel og elmopeder.
- Fritidskortet – info om det.

Komiteen arbeider vidare med nærmiljøsakene.

#### **Sak 21/21-22      Utleige 22/23**

Leietakrar i år er bedt om å søke om å leie for neste år. Det er gratis for barn og ungdom i Klepp.

Skulen arbeider med å lage rutiner for utleige (mot betaling) av aula og kantine, dette er ikkje på plass ennå. Personar, lag og foreningar som ikkje høyrer til i krinsen får ikkje leige før vi har prisar og rutinar på plass. Saka må og handsamas i Driftsstyret.

Forslag til innstilling:

Alle som har søkt får låne skulen. Dersom det ikkje er tid/kapasitet blir barn og unge i krinsen prioritert.

Personar, lag og foreningar som ikkje høyrer til i krinsen får ikkje leige før vi har rutinar og prisar på plass.

Innstillinga blei vedteken.

#### **Sak 22/21-22      Skuleruta 22/23**

Skuleruta er samsvarande med kommunal skulerute og felles skulerute Jærskulen, den treng difor ikkje handsamas i Driftstyret.

Til orientering: Skulen har ønske om personaltur skuleåret 23/24, eventuelt våren 23. Dette vil kreve endringar i skuleruta og handsaming i Driftsstyret.

Saka teken til orientering. Driftsstyret var positive til å gjere endringar i skuleruta dersom behov for det i samband med personaltur.

#### **Sak 23/21-22      Drøfting av lekser**

**Elevrådet:** Ønsker ikkje at det skal vere lekser, eventuelt færre lekser.

**FAU:** Delt, ser både fordeler og ulemper.

**Pedagogisk personal:**

Konklusjon er at vi vil ha lekser vidare, men vil justere ned mengden noko eller /og passe på at vi held nivået nede. Det viktigaste er kanskje ikkje kor vidt

vi skal ha lekser eller ikkje, men korleis og kvifor vi gjer lekser.

Vi har utarbeida desse punktene for lekser framover:

- Leselekser for alle trinn, spesielt viktig med systematikk i begynnarpoplæringa
- Automatiseringslekser, for eksempel multiplikasjonstabellen, tiarvener (matematikk) og glosar (engelsk)
- førebuing til vidare skulegang, planlegging, ansvarleggjering
- lekser skal vere kjent stoff og 90% meistring
- Passe på at vi held leksemengden på eit lågt nivå, spesielt for 1.-4.trinn
- Halde fram med god tilrettelegging

Det har vore gode drøftingar og prosessar i alle organa.  
Skulen har allereie ein nedfelt praksis for lekser, denne er gjennomgått på ny.

Dette er konklusjonen for Kleppe skule:

- Konklusjon er at vi vil ha lekser vidare, men vil justere ned mengden noko eller /og passe på at vi held nivået nede. Det viktigaste er kanskje ikkje kor vidt vi skal ha lekser eller ikkje, men korleis og kvifor vi gjer lekser.
- Vi har utarbeida desse punktene for lekser framover:
- Leselekser for alle trinn, spesielt viktig med systematikk i begynnarpoplæringa
  - Automatiseringslekser, for eksempel multiplikasjonstabellen, tiarvener (matematikk) og glosar (engelsk)
  - førebuing til vidare skulegang, planlegging, ansvarleggjering
  - lekser skal vere kjent stoff og 90% meistring
  - Passe på at vi held leksemengden på eit lågt nivå, spesielt for 1.-4.trinn
  - Halde fram med god tilrettelegging

Viktig å halde fram med leksehjelp. Treng alltid meir hjelp, kanskje opprette ny kontakt med frivillighetssentralen?

#### **Sak 24/21-22 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet**

##### **Elevrådet:**

Talentiaden gjekk kjempebra, den er vel gjennomført.

Aktivitetsveka er det vi jobber med nå.

Komiteen saman om eit trygt og godt nærmiljø

Plan for trafikksikkerheit har vore gjennomgått av elevrådsstyret. Har sendt eigen tilbakemelding.

Elevrådet og elevrådsstyret har drøfta lekser og gitt tilbakemelding til skulen.

##### **FAU:**

Leksedebatt

Reflekskonkurransen

Plan for trafikksikkerheit – sendt inn kommentarar

##### **Skulen/SFO:**

Fellessamling i aula er veldig kjekt.

Kantina opna i dag, dette var veldig bra!

Skitur – ein flott dag. Lånte alle skia dei hadde på frilageret, i tillegg lånte mange i personalet ut. Neste gong må vi gå ut tidlegare med oppfordring om å få tak i utstyr.

Aktivitetsveka blir i veke 19, dette gler vi oss til.

6.og 7.trinn skal på overnattingstur til Stavtjørn i juni.

Forestillingar, DKS og mykje kjekt framover.

Utvining av Språkstasjonen på grunn av auke i flyktningar. Det er venta ca 40 nye elevar frå Ukraina til Språkstasjonen om kort tid. Vi har nå 10 som startar opp denne og /eller neste veke. Ventar at dei andre kjem gradvis. Kommunen set opp nytt bygg (brakker, modulskole) på sykkelparkeringa mot Nord. Usikkert kor tid dette er på plass, det er venta i midten av mai. Inntil då må vi bruke alternative løysingar.

Fleirkulturelt miljø med 49 nasjonalitetar på skulen!

##### **Hovudutvalet:**

Saker som kjem opp på møte 21.04.22:

Styrking av SFO – ekstra tildeling utifra elevar med spesielle behov

Tilstandsrapporten – gjennomgang av denne  
Tilstandsrapport barnevernstenesta  
Mindreforbruk i Barn & Unge – dette blir sett på fond. Kan noko setjast av til  
lærermidler?

Klepp kommune, 07.05.22

Sylvia Gjersdal  
Rektor